

**Nær på 40 frammøtte fekk oppleva ein flott pubkveld i Dønhaugkjedlaren i går.**

Gil Edwards frå staten Oregon ( USA ) kom til Noreg i 1981, bur på Ellingsøy i Ålesund og er i dag ein profesjonell pubartist. Han hadde sitt fyrste band 13 år gamal, men likar nobest å vera åleine på scenen som artist. Den fyrste tida i landet spela han mellom anna saman med Knut Reiersrud.

Gil er fast gjest på Dønhaug og har vore i Uskedalen 10 gonger før. Hans spelar alt frå blues, rock til rootsprega låtar. I tillegg legg han inn velkjende låtar av Simon and Garfunkel og Bob Dylan. Nokon omtalar musikken hans som Road House-musikk, musikk langs vegen.

Gil Edwards seier til uskedalen.no at gardspuben i Uskedalen er unik. Han reiser landet rundt. Det finst ikkje maken til Dønhaugkjedlaren. Her møter han eit publikum som lyttar til musikken hans. Dette i tillegg til eit framifrå vertsskap, gjer at Uskedalen alltid står på turnelista.

Vi fekk oppleva ein seriøs artist med høg kvalitet og som gav sitt beste heile kvelden. Magne Huglen var godt nøgd med frammøtet og konserten i går.

Han har før sagt at det er dårleg økonomi i å skipa til pubkveldar i Uskedalen.

Etter kvelden med Gil Edwards rår vi til at det framleis vert pub- og visekveldar på Dønhaug i tillegg til låvedansane.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringeda